

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I Innkalling til møte i Kontrollutval - Stryn kommune

Utval: Kontrollutval - Stryn kommune
Møtedato: 23.11.2012
Møtetid: 10.15
Stad: Møterommet – 3108
Møtenr.: 5/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, Rådmann i sak (31/12), Revisor i (sak 32/12)

Melding til: Ordførar(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

Sak 029/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 030/12 Skriv og meldingar.
Sak 031/12 Orientering frå rådmann om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen.
Sak 032/12 Orientering frå revisor – Finansiell revisjon.
Sak 033/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse – Tinging
Sak 034/12 Plan for selskapskontroll – Stryn kommune.
Sak 035/12 Oppfølgingsliste 5-2012 – Stryn.
Sak 036/12 Eventuelt.

Stryn 16.11.2012

Rune Myklebust (s)
- Leiar


Vidar Øvrebø
Sekom-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

029/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.08.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.09.2012	029/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

030/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.11.2012	030/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 11-12: Kommunestyrevedtak 078/12 «Plan for forvaltningsrevisjon – Stryn kommune», datert 07.11.2012.
- SM 12-12: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – «Rapport frå tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasient og brukarrettar kapittel 4A», datert 26.06.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 11-12



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 185/12	Formannskapet	18.10.2012
KS 078/12	Kommunestyret	07.11.2012

Avgjerd av: Kommunestyret
Sakshandsamar: Anders Heggdal

Ref: 12/39 -15

Ark. 033

Plan for forvaltningsrevisjon - Stryn kommune

Presentasjon:

Frå kontrollutvalet ligg det føre framlegg til plan for forvaltningsrevisjon i Stryn kommune for perioden 2012 til 2015. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

Aktuelt sakstfang:

Vedlagt saka:

- Utskrift av kontrollutvalet si møtebok, sak 024/12, og kopi av dei dokumenta som låg ved saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til kontrollutvalet si møtebok og dei andre vedlegga.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Stryn kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 1. Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse
 2. Kompetanse og rekruttering i grunnskulen
 3. Bekymringsmeldingar i barnevernet
 4. Samhandlingsreforma – erfaringar
 5. Forvaltningsrevisjon i selskapet Nordfjord hamn.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Handsaming i Formannskapet 18.10.2012.

FO-185/12 Vedtak:


Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 07.11.2012.

KS-078/12 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

Sign.



Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:
Kontrollutvalet v/SEKOM-sekretariat



Rapport frå tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A

Stryn kommune

Adressa til verksemda: Tonningsgate 4, 6873 Stryn
Tidsrom for tilsynet: 26.01.2011 – 25.06.2012
Kontaktperson i verksemda: Områdeleiar Anette Frandsen

Samandrag

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjennomført tilsyn med Stryn kommune, Stryn omsorgssenter, 25. og 26.04.2012. Denne rapporten gjer greie for funn på området det var ført tilsyn med.

Tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon og gjaldt følgjande område:
Helsehjelp gitt med tvang etter lov om pasient og brukarrettar kapittel 4A, til pasientar i sjukeheim.

Tilsynet skulle undersøke om Stryn kommune:

- sikrar at motstand mot helsehjelp hos pasientar vert identifisert og at pasienten sin samtykkekompetanse vert vurdert
- sikrar at tillitsskapande tiltak vert forsøkt før tvungen helsehjelp vert gjennomført
- sikrar at det vert gjort helsefaglege vurderingar av om den aktuelle helsehjelpa kan gjennomførast med tvang

Tilsynet er ein del av landsomfattande tilsyn i 2012 som Statens helsetilsyn har teke initiativ til.

Det vart ikkje funne avvik under tilsynet i Stryn kommune.

Dato: 26.06.2012

Beate Tollefsen
revisjonsleiar

Tom Debu Nesvåg
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing.....	3
2. Omtale av kommunen	3
3. Gjennomføring.....	4
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn.....	4
6. Regelverk	4
7. Dokumentunderlag.....	5
8. Deltakarar ved tilsynet	6

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn i Stryn kommune, Stryn omsorgssenter, 26.01. – 25.06.2012. Tilsynet er ein del av landsomfattande tilsyn med kommunale helsetenester i 2012 og er eit av dei planlagde tilsyna som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomfører i år.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med helsetenesta etter lov om statleg tilsyn med helse- og omsorgstenesta § 2.

Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Dette inneber gransking av dokument, intervju og andre undersøkingar.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen, gjennom internkontroll, tek hand om ulike krav i lovgivinga. Revisjonen omfattar å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigererte
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Rapporten handlar om avvik som er avdekte under revisjonen og gir derfor ingen fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** er krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, som ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsett i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynslaget finn grunn til å påpeike betringspotensial.

2. Omtale av kommunen

Stryn omsorgssenter ligg i Stryn sentrum i Stryn kommune. Omsorgssenteret har 50 plassar fordelt på tre avdelingar. Ei av avdelingane er skjerma eining for senil demente.

Rådmannen er øvste leiar i kommunen. Helse- og omsorgssjefen er blant anna ansvarleg for pleie- og omsorgstenestene. Områdeleiar er administrativt og fagleg ansvarleg på omsorgssenteret og rapporterer til helse- og omsorgssjefen. Det er ein avdelingsleiar på kvar av dei tre avdelingane. Dei rapporterer til områdeleiar. Områdeleiar er også næraste leiar for tilsynslegen og turnuskandidaten. Tilsynslegen har om lag 24 % stilling og er på omsorgssenteret måndag og torsdag formiddag og kan utover det kontaktast ved behov. Turnuslegen er på omsorgssenteret kvar tysdag.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande:

Aktivitet	Dato	Kommentar
Melding om tilsyn	26.01.2012	
Motteke dok. frå kommunen	21.03.2012	
Opningsmøte	25.04.2012	
Omvising	25.04.2012	
Intervju	25. og 26.04.2012	10 personar blei intervju
Sluttmøte	26.04.2012	

Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er teke inn i kapitlet om dokumentunderlag

4. Kva tilsynet omfatta

Ved tilsynet har vi undersøkt om Stryn kommune, Stryn omsorgssenter, har styring og fører kontroll med at helsehjelp til pasientar som motset seg somatisk helsehjelp blir gitt i samsvar med krav i helselovgevinga. Vi undersøkte særskilt om kommunen sikrar at:

- motstand mot helsehjelp blir identifisert og at samtykkekompetansen til pasienten blir vurdert
- tillitsskapande tiltak blir prøvd før somatisk helsehjelp blir gitt med tvang
- det blir gjort helsefaglege vurderingar av om den aktuelle somatiske helsehjelpa kan gjennomførast med tvang

5. Funn

Det vart ikkje funne avvik under tilsynet i Stryn kommune.

6. Regelverk

- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten
- Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m
- Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter
- Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.
- Forskrift av 14. november 1988 for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie
- Forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal
- Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten
- Forskrift av 27. juni 2003 nr. 792 om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene
- Forskrift av 12. november 2010 nr. 1426 om en verdig eldreomsorg

7. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold, sendt over i samband med førebuing av tilsynet:

- Organisasjonskart (3 nivå)
- Årsmelding for helse- og sosialsektoren 2010 med vedlegg
- Årsmelding for helse- og sosialsektoren 2011 med vedlegg
- Grunnlag for årsrapport 2011 frå Stryn omsorgssenter
- Oversikt over tilsette ved Stryn omsorgssenter
- Stillingsomtale for områdeleiar, assisterande områdeleiar og for avdelingssjukepleiar i institusjon
- Funksjonsomtale for off. godkjend sjukepleiar i institusjon/open omsorg, for godkjend hjelpepleiar/omsorgsarbeidar med fag brev i institusjon/open omsorg
- Oppdatert oversikt pr. januar 2012 over ansvarsområde og omfang – leiarar ved Stryn Omsorgssenter/institusjon
- Velkomen til Stryn omsorgssenter (informasjonsfaldar til brukarar og pårørande)
- Velkomen til Stryn omsorgssenter (informasjonsfaldar til faglært personale)
- Velkomen til Stryn omsorgssenter (informasjonsfaldar til ufaglærte vikarar)
- Opplæringsplan/utviklingsmøte Stryn omsorgssenter 2010 m/ vedlegg
- Introduksjonsprogram for (sommar)vikarar
- Nyheitsbok førstesida i informasjonsperm som står på alle avdelingar
- Nyheiter til orientering av 15.03.12, tvang og pasientrettar
- Innhaldsoversikt over kvalitetssystemet/internkontrollsystemet for pleie- og omsorgstenestene
- Prosedyre for helsehjelp til person utan samtykkekompetanse som motset seg helsehjelpa
- Lov om pasient- og brukarrettar kap.4 A og skjema for vedtak, med rettleiing
- Kompetanseplan 2012 - 2015

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Avviksperm (fram til januar 2012)
- Nyheitsbok
- Regelverk om lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A som er tilgjengeleg på avdelingane
- Perm om tvang
- Internkontrollperm
- Registreringsskjema for uro

Gjennomgang av kvalitetslosen:

- Prosedyre: *Helsehjelp til person utan samtykkekompetanse som motset seg helsehjelpa. Pasientrettighetslova § 4A*
- Prosedyre: *Samtykkekompetanse pasientrettar § 4A*
- Avviksskjema og avvik for 2012
- Skjema for samtykkekompetansevurdering

20 pasientjournaler blei gjennomgått under tilsynet.

Vi fekk omvisning på alle avdelingane ved Stryn omsorgssenter.

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

- 26.01.2012 melding til Stryn kommune om tilsyn
- 19.03.2012 dokumentasjon til tilsynet frå Stryn kommune
- 13.04.2012 utkast til program for tilsynet
- Diverse e-postar som omhandlar tilsynet (endring av program og praktiske opplysningar mm.)
- 07.05.2012 Førebels rapport

8. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir oversikt over deltakarane på opnings- og sluttmøte, og over kven som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opnings- møte	Intervju	Slutt- møte
Rigmor Røyset	Sjukepleiar	x	x	x
Aslaug Håøy Nygård	Ass. områdeleiar	x		x
Lilly Tenden	Avdelingssjukepleiar	x	x	x
Berit Wetlesen	Helse- og omsorgssjef	x	x	x
Anette Frandsen	Områdeleiar	x	x	x
Sigrídur Einarsson	Avdelingssjukepleiar	x	x	x
Åshild Ulvedal Bøe	Avdelingssjukepleiar			x
Målfrid Ljåstad	Hjelpepleiar		x	x
Liv Hovind Frøysedal	Sjukepleiar		x	x
Signe Kari Nesje	Hjelpepleiar		x	x
Mira Baskerada	Omsorgsarbeidar		x	x
Nolan Matsson	Tilsynslege		x	

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok:

Tom Debu Nesvåg, revisor

Annelise Skeie, observatør

Beate Tollefsen, revisjonsleiar

031/12 ORIENTERING FRÅ RÅDMANN OM RUTINAR KRING REFUSJONSKRAV TIL NAV FRÅ KOMMUNEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 15.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.11.2012	031/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Stryn kommune – «Orientering frå rådmann om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen».

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 013/10 "Kontrollutvalsarbeid tiltak"
- Kontrollutvalsak 028/12 «Eventuelt»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Administrasjonssjefen si orientering vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING FRÅ RÅDMANN OM RUTINAR KRING REFUSJONSKRAV TIL NAV FRÅ KOMMUNEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann orienterer om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 013/10 "Kontrollutvalsarbeid tiltak" 18.11.2010 vart det gjort vedtak om å innføre ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen.

I kontrollutvalssak 28/12 "Eventuelt" 03.09.2012 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

" Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møtet for å orientere om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen. Kontrollutvalet viser til årsrapport 2011 frå helse og sosial»..

Rådmann i Stryn kommune er i brev den 04.09.12 varsla om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, og at ein førebur ei orientering om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen.

Rådmann vart i brev nemnt ovanfor orientert om at neste møte i kontrollutvalet skal vere 23.11.2012.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Stryn kommune
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Førde, 04.09.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Jnr.: 351/12

Arkiv: Stryn

ORIENTERING FRÅ RÅDMANN OM RUTINAR KRING REFUSJONSKRAV TIL NAV FRÅ KOMMUNEN

Kontrollutvalet i Stryn heldt møte 03.09.12. Under møtet, sak 28/12 «Eventuelt» vart det gjort følgjande vedtak:


- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann til neste møtet i for å orientere om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen. Kontrollutvalet viser til årsrapport 2011 frå helse og sosial.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

Neste møte i kontrollutvalet i Stryn er sett til 23. november 2012.

Med helsing



Vidar Øvrebø

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

032/12 ORIENTERING FRÅ REVISOR – FINANSIELL REVISJON

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.11.2012	032/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 013/10 «Kontrollutvalsarbeid – tiltak»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå revisor vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING FRÅ REVISOR - FINANSIELL REVISJON

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Revisor orienterer om revisjon generelt og status for Fjaler kommune.

Saksopplysningar:

I Kontrollutvalssak 013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak i kontrollutvalsmøte 25.11.2010 var eit av punkta i vedtaket følgjande:

- *Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.*

I den samanheng ber kontrollutvalet om at Kommunerevisjonen i Nordfjord førebur ei kort orientering om status kring finansrevisjonen, samt at dei gir ei generell orientering om revisjonsarbeidet.

Revisor er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

033/12: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KOMMUNAL EIGEDOMSMASSE - TINGING

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 12.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.11.2012	033/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse” vert godkjent.
- Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonisering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KOMMUNALEIGEDOMSMASSE - TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse.”

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet gjorde tilråding til kommunestyret om Plan for forvaltningsrevisjon 03.09.12 i sak 024/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2011 - 2015. Kommunestyret vedtok planen i møte 07.11.12.

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av det først prioriterte prosjektet i planen; «Drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse». Utkastet ligg ved.

Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KIN, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga.

Vidare handsaming av prosjektet vil bli tilnærma som følgjande:

- Oversending av tinginga til KIN.
- Tilbakemelding frå KIN vedr. tingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KIN i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KIN.
- Levering av prosjekt KIN til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kommunerevisjonen i Nordfjord
Tonningsgata 4

6783 Stryn

Stryn 23. november 2012

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT « DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KOMMUNAL EIGEDOMSMASSE » - STRYN KOMMUNE

Prosjektnamn

Drift og vedlikehald av bygningar.

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

Kontrollutvalet i Stryn gav 03.09.2012 kommunestyret i Stryn tilråding om plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret i Stryn gjorde 07.11.2012 i sak 078/12 Plan for forvaltningsrevisjon vedtak i saka i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. Kontrollutvalet handsama tinging av prosjektet i sak 032/12 23.11.2012.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Stryn kommune ynskjer ei vurdering av om systemet for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse er tilfredsstillande.

Avgrensing av undersøkinga

Eigedomsmasse i Stryn kommune. Prosjektet skal ikkje omfatte vurdering av tilstanden til bygningsmassen.

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet

- I kva grad har Stryn kommune gode system for planmessig drift og vedlikehald av eigedomsmassen?

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Kjeldegrunnlag

Kommunelova.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015.

RSK001.

NOU 2004:22

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.

Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.

Rapport skal leverast innan 1. mai 2013.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 32/12 23. november 2012.

Rune Myklebust (s)
-kontrollutvalsleiar-

Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

034/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - STRYN KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.11.2012	34/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Dokumentet "Plan for selskapskontroll Stryn kommune 2012 – 2015" med vedlegg.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.
- Kommunestyresak 035/11 «Rapport eigarskapskontroll»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Stryn kommune for perioden 2012 – 2015 vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til bystyret:

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - STRYN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Stryn kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Stryn kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med bystyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsending opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

PLAN
FOR
SELSKAPSKONTROLL
2012 -2015



Stryn kommune



INNHALDSLISTE

- 1. Bakgrunn**
- 2. Innholdet i selskapskontrollen**
 - Heimel
 - Innsynsrett
 - Kva består selskapskontroll i
 - Organisasjonsformer for kommunale verksemder
 - Kommunale føretak
 - Interkommunalt samarbeid
 - Interkommunalt samarbeid, eige rettssubjekt
 - Vertskommunesamarbeid
 - Interkommunalt selskap
 - Aksjeselskap(AS)
 - AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar
 - Samvirkeforetak ((SA)
 - Stifting
 - Val av organisasjonsform
- 3. Formålet med selskapskontroll**
 - Eigarskapskontroll
 - Forvaltningsrevisjon
 - Undersøkingar
- 4. Kommunen si oppfølging av selskap**
 - Eigarskapsstrategi for selskap Fjaler kommune eig eller er medeigar i.
- 5. Gjennomføring, rapportering og oppfølging av kontrollen**
 - Gjennomføring – retningsliner
 - Rapportering
 - Oppfølging

Vedlegg:

Oversikt over selskap Stryn Kommune er eig eller er medeigar i:

Dokument ikkje vedlagt:

Kommunestyresak 035/11 «Rapport eigarskapskontroll»

1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga forskrifter om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kommunal og regionaldepartementet har i Prop. 119 L foreslått ein del endringar i kommunelova som også omfattar kontroll med selskap. Endringsforslaga er innarbeida i plandokumentet.

2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimel

Heimel for selskapskontroll er kommuneloven (KL) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) ineresser i selskaper m.m., jf tilsvarende formulering i § 13 første lekk i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (FK). Etter § 13 andre lekk skal det «minst ein gang i valperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert». Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

Innsynsrett

KF § 13 må sjåast i samanheng med KL § 80 som regulerer kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen sin innsynsrett i selskap. Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått endring i § 80 og den vil då lyde slik:

« I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer,, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»


Kva består selskapskontroll i

Selskapskontroll kan delast i tre delar, eigarskapskontroll (obligatorisk), forvaltningsrevisjon (frivillig) og undersøkingar (frivillig).

Selskapskontroll (kommuneloven § 77 nr. 5)	Obligatorisk eigarskapskontroll: Kontroll med forvaltinga av kommunens eigarinteresser i selskap.
	Valfri forvaltningsrevisjon: Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
	Undersøkingar Kommunelova § 80 gir også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkinga. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Figur 1: Modell som viser kva som inngår i omgrepet selskapskontroll

I figuren under er skissert ein modell for selskapskontroll:



Figur 2: Modell for selskapskontroll

Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Det kan vere ulike **grunnar** til at kommunar opprettar eller går inn i selskap:

- effektivisering av drifta
- klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (for eksempel å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte den tradisjonelle etatsordninga.

Organisasjonsform, lovheimel m.m:

1. **Kommunale føretak. KL kap 11.**

Er eit forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde kan organiserast som kommunalt føretak. Føretaket er framleis ein del av kommunen. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7.

2. **Interkommunalt samarbeid. KL § 27.**

Er eit forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7, dersom det ikkje er eige rettssubjekt.

3. **Interkommunalt samarbeid. KL § 27. Eige rettssubjekt**

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Samarbeidsavtale/vedtektene seier kva fullmakter styret har. Kommunen er eigar og styret eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn eller KL. § 80 (etter forslag om endring i kommuneloven).

4. **Vertskommunesamarbeid. KL §§ 28a, 28b og 28c.**

Er eit forvaltningsorgan. Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7 (Gjeld vertskommunen).

5. **Interkommunalt selskap (IKS). IKS- loven.**

Dette er eit eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunen kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane. Kommunen er eigar. Representantskapet er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

6. **Aksjeselskap (AS) – heileigd av kommunale aktørar og. Aksjeloven.**

Er eige rettssubjekt. Kommunen er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

7. AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar. Aksjeloven og allmennaksjeloven.

Er eige rettssubjekt.

Kommunen og private aktørar er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontrollen kan omfatte eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

8. Samvirkeforetak (SA). Samvirkeloven.

Er eige rettssubjekt. Samvirkeforetaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til foretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

Medlemene er eigarar. Årsmøtet er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

9. Stifting. Stiftelsesloven.

Eige rettssubjekt. Med stifting blir det foreslått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført stiftinga

Det er ingen eigarar. Stiftingar er sjølvvegande.

Kontrollutvalet har ingen tilsyn, utan at det er avtala.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

Val av organisasjonsform

Kommunal- og regionaldepartementet seier i Kontrollutvalsboka bl.a:

«Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform har også konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa. Dette er viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Dette er eit tema som også eigarskapsstrategien for kommunen bør omtale.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap. Og sjå etter om kontroll - og tilsynskonsekvensane er vurderte.»

3. Formålet med selskapskontroll

Selskapskontroll er eit middel for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Eigarskapskontroll

Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøve kommunen sine eigarinteresser, utøve mynde slik det fastsett i den aktuelle verksemdlova, samt tek i vare kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Eigarskapskontroll avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande ramme for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Forvaltningsrevisjon

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld.

Formålet med forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein slik revisjon vil såleis ha fokus på sjølve aktiviteten og resultat i selskapet.

Undersøkingar

Undersøkingar kan også gjennomførast, og kan vere aktuelt dersom det viser seg behov for å sjå på eller sjekke opp i mindre eller spesielle tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, med ei formelle reglar som då fylgjer. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld også her.

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Ein eigarskapskontroll i eit kommunalt eigd selskap vil vere basert på selskapets vedtekter og kommunen sin strategi i selskapet.

Kontrollen vil også basere seg på lov om interkommunale selskap og andre lover gjeldande for det aktuelle selskapet som er gjenstand for eigarskapskontroll.

5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Kontrollutvalet sitt engasjement i selskapskontroll vil då vere svært avhengig av korleis kommunestyresakene vert følgt opp.

Gjennomføring - retningslinjer

1. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontroller pålagde av kommunestyret (Gjeld både eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og undersøkingar).
2. Kontrollutvalet skal sjå til at retningslinjer og rutinar for eigarskap og økonomiske engasjement verkar etter føresetnadane.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Det er særleg viktig i tilfelle der vedtekne retningslinjer og økonomiske engasjement ikkje vert følgt opp.
4. Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor
6. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
7. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningslinjer om spesielle tilhøve skulle tilseie det

Rapportering

Rapporter etter gjennomført selskapskontroll skal sendast frå utførar til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den sendast til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

Oppfølging

Kontrollutvalet kan om dei finn det nødvendig foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinene for gjennomføring som kjem fram framom.

Oversikt over selskap som Stryn kommune eig eller er medeigar i

Andel i Norges kommunalbank
Stryn Sparebank, Grunnfondsbevis
Nordfjord Miljøverk (NOMIL)
Stryn Energi
Firda Bilag IKS
KLP - egenkapitalinnskott
Firda Billag AS
Sandane Industrier AS
Blakset Vassverk
Dag og tid
Muritunet AS
Stryn Sommerski Eigedom AS
Olden Vassverk
Randabygda Vassverk
Blakset Vassverk
Al Biblioteksentralen
Dag og Tid
Strynehallen al,
S&fj bustadbyggelag
Kvivsvegen AS
Breimsbygda Skisenter AS
Vestnorsk Reiselivsmuseum,
Reisemål Stryn og N.fjord
Fjordinfo AS, 10 stk & kr
Visnes Industripark
Storfjordsambandet ASA
Inkubator Vest AS
Stryn Skisenter
Nordfjordkryssing AS
Innvik Næringspark

I tillegg kjem interkommunale samarbeid og §27 selskap

035/12 OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 - STRYN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	23.11.2012	035/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 5-2012 Stryn.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 4-2012 - Stryn vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 - STRYN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 12.11.2012.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 5-2012 - Stryn.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Stryn kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	25.11.10		25.11.10 KU vedtak – <ul style="list-style-type: none"> - Det vert innført ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen. - Det vert innført ordning med å leggje tertialrapportar fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Det vert innført ordning med å leggje tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å leggje fram rapportar etter kvalitetskontrollar i høve til rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon i Stryn kommune fortløupande. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet. 	
019/11 Rapport forvaltningsrevisjon – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar.	08.09.11		08.09.11 Tilråding til kst. 08.09.11 s/kst 20.09.11 Vedtak kst sak 046/11 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar i skulane i Stryn kommune.	
018/12 Forvaltningsrevisjon	14.06.12		14.06.12 Plan for fv-revisjon for perioden 2012 – 2015 vert å ta opp på neste møte.	12 or ar - 1 ke 12
019/12 Oppfølgingsliste 3-2012 Stryn	14.06.12		14.06.12 Vedtak KU – Teke til vitande.	
020/12 Eventuelt	14.06.12		14.06.12 Vedtak KU <ul style="list-style-type: none"> - Neste kontrollutvalsmøte vert flytta frå 6. september til 3. september. - Det vert teke opp sak om å følgje opp kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11 Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – økonomireglement Stryn kommune. 	
021/12 Oppfølging kommunestyrevedtak 007/11 rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Økonomireglement Stryn kommune	14.06.12		14.06.12 Vedtak KU Kontrollutvalet ber om at kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11 vert gjennomført. 15.06.12 – Brev til kommunen.	
022/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	03.09.12		03.09.12 Vedtak KU: SEKOM-sekretariat må sjekke adresseliste til kontrollutvalet i Stryn kommune.	
023/12 Skriv og meldingar	03.09.12		03.09.12 Vedtak KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.	

024/12 Plan forvaltningsrevisjon – Stryn kommune.	03.09.12		03.09.12 Vedtak KU: Tilråding til KS vedteken. 04.09.12 Sendt tilråding til plan til KS.
025/12 Budsjett drift av kontrollutvalet 2013	03.09.12		03.09.12 Vedtak KU: Vedteke tilråding til budsjett kr 50.264,-. 04.09.12 Tilråding til budsjett sendt til KS.
026/12 Orientering frå revisor.	03.09.12		03.09.12 Vedtak KU: Orienteringa frå revisor teken til vitande.
027/12 Oppfølgingsliste 4-2012 Stryn	03.09.12		03.09.12 Vedtak KU: Teke til vitande.
028/12 Eventuelt	03.09.12		03.09.12 Vedtak KU: Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann til neste møtet i for å orientere om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen. Kontrollutvalet viser til årsrapport 2011 frå helse og sosial.
029/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	23.11.12		
030/12 Skriv og meldingar	23.11.12		
031/12 Orientering frå rådmann om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen.	23.11.12		
032/12 Orientering frå revisor – Finansiell revisjon.	23.11.12		
033/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse – Tinging.	23.11.12		
034/12 Plan for selskapskontroll – Stryn kommune.	23.11.12		
035/12 Oppfølgingsliste 5-2012 Stryn	23.11.12		
036/12 Eventuelt	23.11.12		

Oppdatert 12.11.2012.

036/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 16.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.11.2012	036/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.